

# OFFENTLEG MØTEPROTOKOLL

---

**Utval:** Utval for oppvekst og omsorg  
**Møtestad:** kommunehuset  
**Møtedato:** 10.04.2007 **Tid:** 15.00-19.00

---

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev dagsett .

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av medlemmer møtte 7 , inkl. 0 varamenn:

**Andre som var tilstade på møtet:** Ass.adm.sjef Våge under heile møtet.

Biblioteksjef Astrid Holmefjord under sak 07/07. Kulturkonsulent Johannes Tysseland under sak 08-09/07. Einingsleiar barnehage Anne Fredriksen under sak 10/07, Psykiatrisk sjukepleiar Ingrid Reknes under sak 11/07.

**Merknader:** Geir Markhus gjekk kl. 18.30 før sak 12/07 og 13/07.

Inge Aasgaard gjekk frå møtet kl. 18.55 før sak 13/07.

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 12. april 2007

**GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:**

Innkallinga og saklista vart godkjent.

**GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:**

Protokollen vart godkjent.

**UTVALET SITT KVARTER:**

Geir Markhus stilte spørsmål om status for ballbingen på Gjerde. Det vart orientert om at saka er kommen tilbake frå fylkesmannen med krav om ny sakshandsaming av kommunen.

Velforeininga skal lage ny søknad med eksakt plassering og leggje ved støymåling for denne type bing. Kulturkonsulenten rådgjev og bistår velforeininga i søknadsprosessen. Saka vert handsama på nytt av teknisk eining.

Hjørdis Tysse stilte spørsmål om kor tid bassengutstyret for funksjonshemma er på plass. Nils Gåsdal spurte også om det vart tenkt å forbetre ytterinngangen funksjonshemma brukar til bassenget. Administrasjonen undersøker dette.

Audhild Olsnes stilte spørsmål om kvifor det er vasking på dagtid i Gjerde barnehage. Ass.adm,sjef orienterte om at tariffavtalen regulerar arbeidet til reinhaldarane og at det er dagreinhold i Gjerde barnehage. Evt. kveldsreinhold må vurderast i budsjettet.

**MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:****Løypemelding om 100-årsjubileet**

Det vert ei spennande jubileumsveke i veke 24 (11.-17. juni). Det er utsendt invitasjon til lag og organisasjonar om fellesmøte, tysdag 17 april, på kva dei kan vera med å bidra med. Veka vil innehalde alt frå veteranbilløp, "Der mennesker møtes" i Sandvik grendahus, kommunetyremøte med historisk vri og sommarfest i Vonheim, fest på Samnangerheimen., folkefest i Søvika med utdeling av kulturpris/ungdomspris, Grieg konsert med innbydde gjestar og jubileumsgudsteneste. I tillegg vert det bl.a opning/feiring av Stolpane skulehus, jonsokfeiring i Rolvsvåg med opning av ballbingen og historie frå området, samt feiring ute i grendene.

**Gjerde barnehage**

Det har vore synfaring på tomten og seks interessentar har meldt seg. Fristen for levering av anboda er 25. april. Desse vert referert i kommunestyret den 26. april.

**Kulturplan**

Prosjektgruppa har hatt sitt første møte og valt inn følgjande representantar frå OO til følgjande arbeidsgrupper:

Kulturskulen – Liv Berit Khadoor

Kulturvern, historie – Nils Gåsdal

Generelt kulturtilbod – Vidar Rolland

Bibliotek – Inge Aasgaard

Fysisk Aktivitet – Geir Markhus (+Sture Tveit og Olaug Øystese frå NAT)

Eldre og funksjonshemma – Hjørdis Tysse

Barn og unge – Audhild Olsnes

Medlemmene vert innkalla til første møte i arbeidsgruppene, og verte svært viktige bidragsytarar i det spennande arbeidet med kulturplan.

### **Kulturutveksling mellom elevar i Sigowet og Samnanger**

Anna Lise, Irene og Josephine orienterte utvalet om dei ulike kulturprosjekta kommunen har vore med på. I 2007 har kommunen fått kr. 150.000 i tilskot til eit nytt utvekslingsprosjekt; song, dans, fysisk aktivitet og matematikk. I 17.maiveka vil det kome 4 barn og 2 lærarar frå Sigowet til Samnanger og vi tek sikte på å sende ned 6 barn og to lærarar frå Samnanger til Sigowet i august /september. BUK har sett av på fond gjennom fleire år til dette prosjektet.

### **Voksen opplæring (VO) i norsk med samfunnskap - ny organisering**

Ass.adm.sjef orienterte om kveldsundervisning i norsk med samfunnskunnskap frå hausten 2007. Nye brukarar med plikt til undervisning for å halde på opphaldsløyvet sitt har ført til andre behov for organisering enn tidlegare. Dette saman med ny introduksjonslov, strenge krav til dokumentasjon og registrering gjer til at ansvaret for VO for denne gruppa vert organisert til pedagogiske tenester/kommunenivået.

### **Leikeplass på Bjørkheim**

Ass.adm.sjef orienterte om status på innspel om leikeplass på Bjørkheim. Innspelet vil verte vurdert i samband med oppfølging av kommuneplanen – ”offentlege møteplassar” – der folk ferdast. Dette arbeidet er ikkje starta opp endå, og vil følgje økonomiplanen 2008-12. Det er ikkje gjeve skriftleg tilbakemelding til innsendar. Dette vert sterkt orsaka og vert snarleg følgt opp.

Desse sakene vart handsama:

## SAKSLISTE

<b>Utvalgssakstype/nr.</b>	<b>Arkivsaksnr. Tittel</b>
0007/07	07/00035 <b>"BIBLIOTEKREFORM 2014". UTTALE FRÅ SAMNANGER KOMMUNE</b>
0008/07	06/00562 <b>KULTURMIDLAR 2007</b>
0009/07	07/00128 <b>KULTURSTIPEND FOR UNGE 2007.</b>
0010/07	07/00109 <b>BARNEHAGEUTVIKLING - VISJON OG UTVIKLINGSMÅL.</b>
0011/07	06/00321 <b>PSYKIATRIPLAN 2007 - 2010.</b>
0012/07	07/00033 <b>SKULEVURDERING - SYSTEM OG UTVIKLINGSMÅL FOR 2007-08</b>
0013/07	06/00103 <b>HANDLINGSPLAN FOR ELDREOMSORGA.</b>

0007/07

**"BIBLIOTEKREFORM 2014".  
UTTALE FRÅ SAMNANGER KOMMUNE**

**Framlegg til vedtak::**

Høyringsuttale frå Samnanger kommune:

Generelle kommentarar;

Gode tiltak me vil trekkja fram:

- Nasjonal koordinering av digitale tenester
- Utvida innkjøpsordning, særleg tiltaket med innkjøp av norsk film
- Nasjonal kampanje med fokus på folkebibliotek

Andre kommentarar – Konsolidering;

Samnanger folkebibliotek ønskjer ikkje å bli ein del av eit konsolidert bibliotek.

- Dei geografiske avstandane til dei omkringliggjande biblioteka blir for stor til at me ser konsolidering som ein god måte å organisera biblioteka på
- Det kostar for tid og pengar å byggja opp ei ny organisering. Ressursane bør nyttast til bibliotektenestene i kommunen, ikkje til administrasjon.

Me ønskjer at biblioteket skal vera forankra innanfor den kommunale sjølvrådetretten

**Handsaming i møte:**

Samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Høyringsuttale frå Samnanger kommune:

Generelle kommentarar

Gode tiltak me vil trekkja fram:

- Nasjonal koordinering av digitale tenester
- Utvida innkjøpsordning, særleg tiltaket med innkjøp av norsk film
- Nasjonal kampanje med fokus på folkebibliotek

Andre kommentarar – Konsolidering;

Samnanger folkebibliotek ønskjer ikkje å bli ein del av eit konsolidert bibliotek.

- Dei geografiske avstandane til dei omkringliggjande biblioteka blir for stor til at me ser konsolidering som ein god måte å organisera biblioteka på
- Det kostar for tid og pengar å byggja opp ei ny organisering. Ressursane bør nyttast til bibliotektenestene i kommunen, ikkje til administrasjon.

Me ønskjer at biblioteket skal vera forankra innanfor den kommunale sjølvrådetretten

0008/07

**KULTURMIDLAR 2007**

**Framlegg til vedtak::**

**Handsaming i møte:**

Utvalet drøfta søknadane og tildelte følgjande kulturmidlar for 2007 som følgjer av vedtaket nedanfor.

**Vedtak:**

*Samnanger kommune tildelar følgjande kulturmidlar for 2007*

<b>KULTURMIDLANE 2007</b>	
<b>1.1500.3770.4701: Tilskot til song og musikk kr 38.000</b>	
Tysse/Nordbygda musikklag	20 000
Samnanger skulemusikklag	15 000
Samnanger barnekor	3 000
Sum	38 000
<b>1.1500.3803.4701: Tilskot til idrettsarbeid, kr 91.000</b>	
Samnanger idrettslag	75 000
Tysse skyttarlag	8 000
Samnanger Jeger&Fiskerlag	8 000
Sum	91 000
<b>1.1500.2310.4701:Tilsk. Barne-og ung.arbeid,kr 116.000</b>	
URD ul	5 000
Nordbygda ul.	35 000
Ungdomsklubben Petit	13 000
Samnanger søndagsskulelag	2 000
Soul survivor,Samn.Kyrkjelyd	4 000
barnas festspilldag	4 500
Den kulturelle skulesekken	10 000
Administrativ fordeling	37 500
Sandvik grendalag	5 000
Sum	116 000
<b>1.1500.3851.4701: Tilsk. Forsamlingshus, kr 0</b>	
Nordbygda ul.	0
I/S Vonheim	0
Tveit ul.	0
Sandvik grendalag	0
Frøylandsdal grendalag	0
	0
<b>1.1500.3854.4701: Øvrige kulturføremål, kr 25.000</b>	
Samnanger Røde Kors	5 000
Samnanger historielag	3 000
Samnanger Pensjonistlag	2 000
Kulturstipend	10000
Vonheim Revy og Teaterlag	5 000

0009/07

**KULTURSTIPEND FOR UNGE 2007.****Framlegg til vedtak::**

Samnanger kommune sitt kulturstipend til ungdom vert i år 2007 tildelt Joel Dyrhovden.

Grunngjeving: Dei gode resultatane både innan klatreløp og langrenn siste sesong. Han er i dag eit av dei største talenta innan sin idrett i Hordaland og han har vekt nasjonal oppsikt med resultatane sine. Joel vil vera ein utøvar som Hordaland skikrins vil satsa stort på i framtida, og Samnanger kommune ønskjer han til lukke med satsinga vidare.

**Handsaming i møte:**

Det vart røysta over framlegg. Framlegget vart vedteke mot ei røyst.

**Vedtak:**

Samnanger kommune sitt kulturstipend til ungdom vert i år 2007 tildelt Joel Dyrhovden.

Grunngjeving: Dei gode resultatane både innan klatreløp og langrenn siste sesong. Han er i dag eit av dei største talenta innan sin idrett i Hordaland og han har vekt nasjonal oppsikt med resultatane sine. Joel vil vera ein utøvar som Hordaland skikrins vil satsa stort på i framtida, og Samnanger kommune ønskjer han til lukke med satsinga vidare.

0010/07

**BARNEHAGEUTVIKLING - VISJON OG UTVIKLINGSMÅL.****Framlegg til vedtak::**

Samnanger kommune sine barnehagar har følgjande visjon, delmål og fokusområde for perioden 2007-11:

**Visjon: ”Saman om ein god start”**

**Delmål: - Born og vaksne skal arbeida saman for å skapa ein god kvardag for alle involverte. - Saman skal me gjera kvar dag til noko som er verd å ta med seg vidare.**

**Fokusområde for barnehageeininga****1 Barnemedverknad**

- Mål : Observera, vera i dialog og innhenta informasjon frå borna .
- Tiltak:
  - Systematisk dokumentera til beste for det enkelte barn og barnegruppa.
  - Systematisk utvikle språk og kommunikasjon til det beste for det enkelte barn.

**2 Kunst kultur kreativitet**

- Mål: Satse spesielt på å gje barn gode opplevingar og erfaringar innanfor fagområdet kunst, kultur og kreativitet

- **Tiltak:**
  - Utvikla ” *Den kulturelle nistepakken* ”, som ein del av livslang læring innanfor fagområdet.
  - VATN – kreative krefter; leik og eksperiment med vatn og realfag .
  - Utvikla språk og kommunikasjon gjennom kunst, kultur og kreativitet.

### **3 Kropp helse og rørsle.**

- Mål: Alle barn skal få varierte erfaringar som stimulerer til fysisk aktivitet og helse.
- Tiltak:
  - Sunt kosthald og høve til variert fysisk aktivitet i barnehagen og nærområdet.
  - Utvikla språket gjennom fysisk aktivitet og motorisk leik.

### **4 Innføring av digitalt verkty i barnehagen**

- Mål :Alle barn skal få erfaring med digitalt verkty. Bruka digitale verkty i brukarmedverknad.
- Tiltak:
  - Nyttja digitalt verkty til å kommunisera og informera foreldre.
  - Bruke digitale verkty i utviklinga av barna sitt språk, tekst, kommunikasjon og bilde.
  - Heve kompetansen til personalet i bruk av digitale verktøy.

#### **Handsaming i møte:**

Samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Samnanger kommune sine barnehagar har følgjande visjon, delmål og fokusområde for perioden 2007-11:

**Visjon: ”Saman om ein god start”**

**Delmål: - Born og vaksne skal arbeida saman for å skapa ein god kvardag for alle involverte. - Saman skal me gjera kvar dag til noko som er verd å ta med seg vidare.**

#### **Fokusområde for barnehageeininga**

##### **1 Barnemedverknad**

- Mål : Observera, vera i dialog og innhenta informasjon frå borna .
- Tiltak:
  - Systematisk dokumentera til beste for det enkelte barn og barnegruppa.
  - Systematisk utvikle språk og kommunikasjon til det beste for det enkelte barn.

##### **2 Kunst kultur kreativitet**

- Mål: Satse spesielt på å gje barn gode opplevingar og erfaringar innanfor fagområdet kunst, kultur og kreativitet
- Tiltak:
  - Utvikla ” *Den kulturelle nistepakken* ”, som ein del av livslang læring innanfor fagområdet.
  - VATN – kreative krefter; leik og eksperiment med vatn og realfag .
  - Utvikla språk og kommunikasjon gjennom kunst, kultur og kreativitet.



### **3 Kropp helse og rørsle.**

- Mål: Alle barn skal få varierte erfaringar som stimulerer til fysisk aktivitet og helse.
- Tiltak:
  - Sunt kosthald og høve til variert fysisk aktivitet i barnehagen og nærområdet.
  - Utvikla språket gjennom fysisk aktivitet og motorisk leik.

### **4 Innføring av digitalt verkty i barnehagen**

- Mål :Alle barn skal få erfaring med digitalt verkty. Bruka digitale verkty i brukarmedverknad.
- Tiltak:
  - Nyttja digitalt verkty til å kommunisera og informera foreldre.
  - Bruke digitale verkty i utviklinga av barna sitt språk, tekst, kommunikasjon og bilde.
  - Heve kompetansen til personalet i bruk av digitale verktøy.

0011/07

## **PSYKIATRIPLAN 2007 - 2010.**

### **Framlegg til vedtak::**

Framlegg til psykiatriplan for Samnanger kommune 2007 – 2010 vert vedteken slik han ligg føre med revidert handlingsplan.

### **Handsaming i møte:**

Vidar Rolland sette fram følgjande tilleggsframlegg til pkt. 5 i planen:” Ved enkelte høve vil ein måtte samarbeide med eksterne fagmiljø og etatar, til dømes ved vald- og rusrelaterte saker, ved transport, framstilling og innlegging under tvang.

For å betre kvaliteten på samhandlinga mellom interne og eksterne tenester vert det vurdert felles fora der personalet som utfører direkte omsorg, vakt og beredskap møtast for å utveksle kunnskap og erfaring som kan vera til nytte for brukarane.”

Det vart først røysta over Rolland sitt tillegg, som vart samrøystes vedteke.

Til slutt var det røysta over heile planen med vedteke tillegg til pkt. 5. Planen vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak:**

Framlegg til psykiatriplan for Samnanger kommune 2007 – 2010 vert vedteken slik han ligg føre med revidert handlingsplan, og med følgjande tillegg til

pkt. 5: Ved enkelte høve vil ein måtte samarbeide med eksterne fagmiljø og etatar, til dømes ved vald- og rusrelaterte saker, ved transport, framstilling og innlegging under tvang.

For å betre kvaliteten på samhandlinga mellom interne og eksterne tenester vert det vurdert felles fora der personalet som utfører direkte omsorg, vakt og beredskap møtast for å utveksle kunnskap og erfaring som kan vera til nytte for brukarane.

0012/07

**SKULEVURDERING - SYSTEM OG UTVIKLINGSMÅL FOR 2007-08****Framlegg til vedtak::**

Samnanger kommune sluttar seg til system for skulevurdering og skuleutvikling slik det ligg føre i saka. Administrasjonssjefen syter for å oppdatera systemet. Utvalet sluttar seg også til skulane sine utviklingsmål for 2007-08 , og ber om ei evaluering av måla i samband årsmeldinga.

**Handsaming i møte:**

Samrøystes vedteke. Med følgjande utviklingsmål:

- Gjerde skule – Ikt og Its learning som utviklingsmål, Its learning som verktøy i tilpassa opplæring.
- Nordbygda skule – Uteskule for alle med fokus på læringsmål, Its learning, KOM-prosjektet
- Samnanger ungdomskule – Elevmedverknad, Tilpassa opplæring, vurderingsformer.

**Vedtak:**

Samnanger kommune sluttar seg til system for skulevurdering og skuleutvikling slik det ligg føre i saka. Administrasjonssjefen syter for å oppdatera systemet. Utvalet sluttar seg også til skulane sine utviklingsmål for 2007-08 , og ber om ei evaluering av måla i samband årsmeldinga.

Vedtekne utviklingsmål for skulane i Samnanger 2007-08:

- Gjerde skule – Ikt og Its learning som utviklingsmål, Its learning som verktøy i tilpassa opplæring.
- Nordbygda skule – Uteskule for alle med fokus på læringsmål, Its learning, KOM-prosjektet
- Samnanger ungdomskule – Elevmedverknad, Tilpassa opplæring, vurderingsformer.

0013/07

**HANDLINGSPLAN FOR ELDREOMSORGA.****Framlegg til vedtak::**

- Det vert starta opp arbeid med å utarbeida ny eldreplan for Samnanger kommune 2008 – 2012.
- Utval for oppvekst og omsorg vert styringsgruppe for planen.
- Det vert oppnemd ei administrativ arbeidsgruppe der følgjande fagpersonar er med
  - Leiar for Eining for pleie og omsorg Grete Lill Hjartnes
  - Avdelingsleiar gruppe Sør Ole-Jacob Sørensen
  - Avdelingsleiar gruppe Nord Liv MB Høysæter
  - Geriatrisk sjukepleiar Marit Espelid

- Avdelingsleiar for psykiatri Ingrid T.Reknes
  - Hovudtillitsvalt Fagforbundet og hjelpepleiar Margot Hisdal
  - Hovudtillitsvalt NSF og sjukepleiar Trine Langeland
- Mandat for arbeidsgruppa vert: Utarbeiding av Eldreplan for Samnanger kommune 2008-2012. Planen skal innehalde ein kartlegging av situasjonen i Samnanger kommune når det gjeld utfordringar innan eldreomsorga. Vidare skal planen innehalde hovudmål, delmål og tiltak i arbeidet. Planen skal og innehalde eit kap. om trong for tenester frå pleie- og omsorgseininga for personar under 67 år. Planen skal være ferdig innan utgangen av 2007. Planen skal få si endelege handsaming i Kommunestyret.
  - Administrasjonen skal orientera Utvalet for oppvekst og omsorg undervegs i arbeidet.

### **Handsaming i møte:**

Samrøystes vedteke.

### **Vedtak:**

- Det vert starta opp arbeid med å utarbeida ny eldreplan for Samnanger kommune 2008 – 2012.
- Utval for oppvekst og omsorg vert styringsgruppe for planen.
- Det vert oppnemd ei administrativ arbeidsgruppe der følgjande fagpersonar er med
  - Leiar for Eining for pleie og omsorg Grete Lill Hjartnes
  - Avdelingsleiar gruppe Sør Ole-Jacob Sørensen
  - Avdelingsleiar gruppe Nord Liv MB Høysæter
  - Geriatrisk sjukepleiar Marit Espelid
  - Avdelingsleiar for psykiatri Ingrid T.Reknes
  - Hovudtillitsvalt Fagforbundet og hjelpepleiar Margot Hisdal
  - Hovudtillitsvalt NSF og sjukepleiar Trine Langeland
- Mandat for arbeidsgruppa vert: Utarbeiding av Eldreplan for Samnanger kommune 2008-2012. Planen skal innehalde ein kartlegging av situasjonen i Samnanger kommune når det gjeld utfordringar innan eldreomsorga. Vidare skal planen innehalde hovudmål, delmål og tiltak i arbeidet. Planen skal og innehalde eit kap. om trong for tenester frå pleie- og omsorgseininga for personar under 67 år. Planen skal være ferdig innan utgangen av 2007. Planen skal få si endelege handsaming i Kommunestyret.
- Administrasjonen skal orientera Utvalet for oppvekst og omsorg undervegs i arbeidet.